

Saksprotokoll i fylkestinget – 15.-16.10.2019

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Endring:

Pkt. 8 Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, (8.1.1, 8.1.2, 8.1.3):

Godtgjersle for fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre folkevalde i Vestland fylke skal vere utrekna med grunnlag i 8 G som øvre tak.»

Avrøysting

Innstillinga vart vedteke med 59 røyster (A, Sp, MDG, KrF, V, Pp, FNB, Frp, H) mot innstillinga med Kollbotn sitt forslag som fekk 6 røyster (R, SV).

Vedtak

Fylkestinget vedtek dei rutinar, retningsliner og reglement for folkevalde som ligg vedlagt saka.